



EID KOMMUNE

PLAN-OG UTVIKLINGSAVDELING

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Vår ref.

15/939-4/K2-S11//KDA

Dato:

28.08.2015

HØYRINGSUTTALE - STÅRHEIM KRAFTVERK OG KLOVELVA KRAFTVEKR - EID KOMMUNE

Vi viser til mottekne høyringssaker som gjeld søknad om konsesjon for bygging av småkraftverk i Eid og Bremanger kommunar.

Eid kommune gjev følgjande uttale til søknadane:

Eid kommune tilrår at Stårheim kraftverk får konsesjon slik det er søkt om. Kommunen ser det som naturleg at NVE, ved si handsaming av søknaden, set nødvendige krav til avbøtande tiltak for å redusere negative konsekvensar av tiltaket. Vi viser særleg til rapporten frå Bioreg AS, som føreslår følgjande fem avbøtande tiltak:

1. *Minst alminneleg lågvassføring.*
2. *Etablere kunstig høl nedstraums kraftstasjonen.*
3. *Etablere omlaupsventil ved stasjonen.*
4. *Montere minst to predatorsikre hekkekasser for fugl.*
5. *Forbod mot tilsåing av framandt plantemateriale langs forstyrra miljø.*

Eid kommune tilrår at Klovelva kraftverk, under visse føresetnader, får konsesjon slik det er søkt om. Støvelsvatnet og Klovelva vert nytta som magasin for drikkevatnet til Eid kommune. Det er bygd ein veg fram til dammane, der vassleidningen til kommunen også ligg. Det varierer kvar den kommunale vassleidningen ligg plassert i vegen og det er berre nytta stadlege masser for fylling av grøft og planering av vegen. Vegen er såleis sårbar for inngrep, og det må ved planlegging og gjennomføring av tiltaket takast omsyn til den kommunale vassleiinga. Vi ser det som naturleg at seinare planlagde tiltak vert prosjektert slik at dei ikkje kjem i konflikt med allereie etablerte tiltak i området. Særleg tiltak av så stor samfunnsnytte som ei vassleidning faktisk har. Kommunen må elles ha fritt gjennomløp i denne leidningen pga. store driftsmessige fordelar knytt til trykkreduksjon.

Vi ser det som naturleg at NVE, ved si handsaming av søknaden, elles set nødvendige krav til avbøtande tiltak for å redusere negative konsekvensar av tiltaket. Vi viser særleg til rapporten frå Faun Naturforvaltning, som tilrår følgjande avbøtande tiltak:

1. *Minstevassføring; minstevassføring skal liggje på alminneleg lågvassføring.*
2. *Anleggetekniske innretninga; det skal leggast vekt på landskapsmessig og arkitektonisk tilpassing. Støydempende tiltak skal integrerast i byggeprosessen, riggområda skal avgrensast fysisk og anleggsveiar skal best mogleg plasserast i terrenget.*
3. *Vegetasjon; opphavleg tre- og buskvegetasjon langs elva bør bevarast så mykje som mogleg. Ved ev. tilsåing må ein nytte stadeigne artar.*
4. *Avfall og ureining; avfallshandtering og tiltak mot ureining må følgje gjeldande regelverk.*

Eid kommune har elles ikkje merknader til den totale utbygginga i Eid og Bremanger kommunar.

Med helsing

Kristine Dahl
Plan-og utviklingssjef